



KYSTVERKET

Masfjorden kommune  
Austfjordvegen 2724  
5981 MASFJORDNES

Vår ref  
2021/7686-3

Arkiv nr

Sakshandsamar  
Turid Susort Jansen

Dato  
27.07.2021

## Tilbakemelding på søknad om dispensasjon for utlegging av flytekai gbnr 38/2 - Masfjorden kommune - Vestland fylke

Syner til brev av 15.7.2021 vedkomne ovannemnde .

Kommunen har mottatt søknad om dispensasjon for utlegging av flytebrygge i område for «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone» gbnr 38/2. Det er vedlagt nabomerknader til søknaden.

I plansamanheng skal Kystverket ivareta omsynet til god framkomme, trygg ferdsle og forsvarleg bruk av farvatnet. Kystverket har vurdert at tiltaket ikkje kjem i konflikt med areal avsett til farleia eller med navigasjonsinstallasjonar i området. Vi har ikkje merknader til at kommunen gir dispensasjon frå formålet.

Kystverket vil minne om at bygging, graving, utfylling og andre tiltak som kan virke på tryggleiken og framkoma i farvatnet, i tillegg til handsaming etter plan- og bygningslova, og må handsamast etter havne- og farvannslova. Flytebrygga som det vert søkt om ligg i kommunen sitt sjøområde og det er kommunen som er hamnemynde etter §14 i havne- og farvannslova.

Med helsing

Jannicke Røren  
Fungerende avdelingsleder

Turid Susort Jansen  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Sentral postadresse: Kystverket, postboks 1502,  
6025 ÅLESUND

Telefon: 07847  
E-post: [post@kystverket.no](mailto:post@kystverket.no)  
Internett: <https://kystverket.no>

Org.Nr.: 874783242  
Bankgiro: 7694 05 06766



